

Randi Skotheim

«Trædersker, Klippersker, Læggersker».

Kvinner i hermetikkindustrien i Stavanger rundt århundreskiftet.

1. Innleiing.

«Dere sko sett alle disse kvinnene når di skar og skrapte og eltet og formet og sauset og kokte og braste, til dels med kvide forklær og greier - jamen var der svirp i dem, og ei hogna var det å se disse yngre og eldre representantinnes for det smukke kjønn i sånn nytig og travel virksomhet, som setter dem i stand til å fø seg selv og nyte arbeidets mange velsignelser.»

Slik skreiv ein innsendar i Stavanger Aftenblad om kvinner i hermetikkindustrien og deira arbeidssituasjon i 1896.¹ Skildringa gir inntrykk av ein travel arbeidsplass med kvinner som var dyktige i faget sitt. Den fortel og om ein viktig føresetnad for den rivande utviklinga hermetikkindustrien i Stavanger var inne i: Billeg og fleksibel arbeidskraft som stod klar til å rykke inn i fabrikkane som mellom anna «trædersker, klippersker, læggersker» når råvarene kom.²

Kven var så desse kvinnene? Gjennom fleire undersøkingar frå andre typar fabrikkarbeid har vi fått eit biletet av indu-

striarbeidarkvinna som den unge, ugifte jenta som hadde arbeid medan ho venta på å bli gift og stifte familie.³ Høver kvinnene i hermetikkindustrien inn i dette biletet? I denne artikkelen skal vi sjå nærmere på kvinner som hadde slikt arbeid i Stavanger rundt århundreskiftet for å finne særtrekk ved denne gruppa som gjer ho lik eller ulik grupper av kvinner i anna industriarbeid. Dei trekka som er undersøkte er alder, sivilstand, forsørgarbyrde og sosial bakgrunn. Det er og tatt med opplysningar om arbeids-og lønnstilhøve.

Artikkelen bygger på innsamla materiale til hovudfagsoppgåve i historie som er under arbeid.

1. 1. Tidsavgrensing.

Føremålet med artikkelen er å undersøke dei kvinnene som arbeidde i fabrikkane i den tidlegaste fasen av hermetikkindustrien. Desse kvinnene blir her kalla hermetikkvinner. Den tidlege perioden varte frå tidleg på 1870-talet fram til omlag 1900. Produksjonen kunne knapt kallast industri, då dei fleste arbeidsoperasjonane vart utførte for hand utan maskinelle hjelpemiddel.⁴

Året 1900 er valt som undersøkingsår.

Framstillinga av hermetikkprodukt hadde då vore i gang såpass lenge at eit visst mønster i sysselsettinga var etablert. Dei typiske trekka ved arbeidsstokken hadde skilt seg ut. Dei kvinnelege arbeidarane dette året vil såleis kunne vere representative for dei tilsette andre år.

Kjeldetilfanget gjer det og naturleg å konsentrere seg om 1900. Dette året vart det halde folketelling, og denne er gjort lett tilgjengeleg ved eit register over alle innbyggjarane i Stavanger.⁵ Dette gjer det enkelt å finne hermetikkvinner i folketelingslistene.

Ei anna viktig kjelde har vore Stavanger Preserving Co. sitt arkiv. For året 1900 er det bevart nøyaktig første arbeidsbøker og lønnslister frå dette firmaet.

1. 2. Kjelder og kjeldeproblem.

Ved undersøking av hermetikkvinner støter ein på fleire kjeldeproblem. Desse kvinnene er vanskelege å finne i skriftleg materiale.

Folketellingane har vore den vanlegaste informasjonskjelda om kvinner som tok del i arbeidslivet. Det har vist seg å vere vanskeleg å finne opplysningar om alle kvinner som har hatt arbeid, fordi yrkesdeltaking kan definerast på fleire måtar. I folketellingane vart dei med inntekt av eige arbeid som viktigaste kjelde til livsopphald rekna som yrkesaktive.⁶ Opplysningsane har dei enkelte individua sine subjektive vurderingar som bakgrunn. Dette gir lavare yrkesdeltaking enn om ein rekna alle som utførte noko innteksgivande arbeid som yrkesaktive. Særleg gifte kvinner blir underrepresenterte. Mange gifte

kvinner utførte noko innteksgivende arbeid, men rekna det ikkje som viktigaste kjelde til livsopphald.

Folketellingane for Stavanger og Hetland i 1900 er brukte som kjelder for denne artikkelen. Som nemnt ovanfor finn vi ikkje alle hermetikkvinnene i desse listene. Derfor er lønnslister frå ei bedrift, Stavanger Preserving Co., undersøkte for å spore opp fleire kvinner. Mange kvinner som hadde arbeid ved denne bedrifta, har ikkje oppgitt dette til teljarane som ført folketellingslistene.

Stavanger Preserving Co. (1873-1974) sitt arkiv er oppbevart på Statsarkivet i Stavanger.⁷ Det er så å seie komplett og inneholder heile 1.200 protokollar og arkivboksar. Av interesse for denne artikkelen er særleg protokollar med namn på arbeidarane, lønnslister og timelister.

Ei gruppe kvinner er haldne utanfor undersøkinga. Ikkje alle lønnstakarane ved Stavanger Preserving Co. høyrdhe heime i Stavanger eller Hetland og kom med i folketellingane der. Kvinner som kom til byen for å få arbeid berre under sesongane, fell såleis utanfor denne undersøkinga.

1. 3. Faktorar som påverkar kvinnernas lønnsarbeid.

Fleire faktorar verka inn på kva kvinner som hadde lønnsarbeid utanfor heimen rundt århundreskiftet. Familien sine behov fastsette når kvinna tok lønnsarbeid. Som vaksen datter var ho til vanleg lønnsarbeidar, som hustru og mor tok ho lønnsarbeid dersom inntektene til dei andre familiemedlemene måtte supplera. Som enke var ho familieoverhovud og

arbeidde også då i høve til kor mykje pengar andre i familien kunne få inn.

Etter folketellingane ser det ut til at dei fleste arbeidarhustruene kunne konsestrere seg heilt og fullt om heim og familie. Men undersøkingar har vist at svært mange gifte kvinner tok ulike former for lønna arbeid ved sidan av husarbeidet. Dei hadde ikkje høve til å binde seg til fleire timars lønnsarbeid, men tok deltidsjobbar eller kveldsjobbar som sying, baking og vasking.⁸ Mange hadde og arbeid som varte i korte periodar, som til dømes i hermetikkindustrien. Dette gav ei nødvendig inntekt til familiar der mannen var arbeidsledig eller tente lite.

Vi kan såleis alt no slå fast at inntrykket av industriarbeidarkvinna som ung og ugift ikkje gir eit fullstendig bilet av denne yrkesgruppa.

2. Arbeids- og lønnstilhøve.

2. 1. Arbeidet i fabrikkane.

Stavanger spela ei sentral rolle i utviklinga av hermetikkindustrien i Noreg. Fleire grunnar har vore peika på som føresetnader for denne rolla.⁹ Det vil her bli lagt vekt på ein føresetnad som har vore lite framme i lyset til no, nemleg den billige og fleksible arbeidskrafta som gjorde denne utviklinga mogleg. Vi vil i den samanheng sjå på arbeidsdelinga i fabrikkane for å finne det typiske kvinnearbeidet.

Hermetikkproduksjon frå byrjinga av 1870-talet fram til omlag 1900 var ei svært arbeidskraftkrevjande verksemd som

knapt kunne kallast industri. Fabrikkane hadde lav mekaniseringsgrad, og det meste av arbeidet vart utført med handkraft og enkle reiskapar. Det er først etter 1900 ein kan snakke om ein industriell revolusjon i hermetikkindustrien. Og det var på dei mannsdominerte felta innan produksjonen nyvinningane kom i første omgang.¹⁰ I åra frå 1903 til 1907 vart dei store flaskehalsane innan framstillinga av brislingsardinen fjerna gjennom innføringa av falsemaskinen og stansemaskinen, noko som var med på å legge grunnlaget for ein sterk produksjonsauke i åra kring første verdskrig.

Hovudproduktet frå omlag 1880 var røykt brisling i olivenolje (sardinar). Brislingen måtte gjennom ei lang rekke prosessar før han kunne presenterast som ferdig vare.¹¹ Han kom til fabrikken i nedisa tilstand. Først blei fisken vaska og forlaka, deretter grovsortert og tredd på stålsteiner. Desse vart monterte på røykerammer som blei sette inn i røykeomnar. Kvar ramme hadde 24 teiner, kvar teine tok 24-26 fiskar. Ein omn hadde vanlegvis plass til 10 røykerammer, og røyketida var på mellom 1/2 og 1 time. Etter røykinga blei fisken avkjøla og hovuda klipte av. Teinene vart reingjorde ved at dei blei strokne gjennom ein stor «gaffel» og sidan overførte til ein trommel for vasking. Deretter vartteinene gitt attende til dei som tredde. Sjølve fisken vart overført til leggeavdelinga der han vart lagd i boksar og sortert på ny, slik at innhaldet i kvar boks vart likast mogleg når det galde storleik. Mengda av fisk i boksen måtte også

avpassast for at det skulle verte plass til ei passande mengd olivenolje. Når olja var fyld på, kunne lokket settast på og loddast fast. Deretter vart boksane overførde til autoklaven, der den eigentlege hermetiseringa fann stad gjennom sterilisering. Etter dette vart boksane vaska og så tørka med klutar ei for ei for til slutt å pakkast i papir, utstyrast med etikett og leggast i kassar før dei kunne eksporterast. Heile denne prosessen måtte brislingen gjennom i løpet av ein dag. Han kunne ikkje lagrast, og morgo-

nen etter var eit nytt parti brisling klar til mottak.

Arbeidet vart utført i høgt tempo og med mange hjelpende hender. Denne industrien var svært arbeidskraftintensiv, og fabrikkane hadde arbeidsgjengar klare til å ta seg av alle dei ulike oppgåvene. Innan produksjonsprosessen var det ei klar arbeidsdeling mellom menn og kvinner. Kvinnene vart mest utan unntak sette til det enklaste og lettaste arbeidet.

Det var menn som tok imot råstoffet når det kom til fabrikken. Forlaking var




Fig. 1. Koking og pakking av fiskebollar og fiskepudding.
Stavanger Museum

Cooking and packing of fish balls and fish pudding.

mannsarbeid. Treding derimot var kvinnearbeid, medan det var menn som plaserte fisken i røykeomnane og passa på at temperaturen var riktig. Kvinnene var «klippersker» og «læggersker», medan mennene stod for loddning og sterilisering i autoklavane. Til slutt var det kvinnene som gjorde boksane reine, pakka dei og sette på etikettane og la dei i trekasser. Arbeidet med å reingjere teinene vart oftast overlate til unge gutter.

Det er tydeleg skilnad på det arbeidet dei to kjønna utførte. Kvinnene sitt arbeid kravde i utgangspunktet ingen særskilte kvalifikasjonar. Nesten kven som helst kunne gå inn i fabrikkane og tre brisling, klippe hovuda av dei, stryke og tromle teiner, tørke boksar og pakke i kasser. Derfor var det og vanleg at ein del skolebarn var med på dette arbeidet. Kvinnene sin måte å verte dyktige på var at dei kunne utføre arbeidet i høgt tempo. Flinke kvinner med noko erfaring kunne kome over i leggeavdelinga, eit arbeid som vart rekna som finare og reinare. Ved dei bedriftene som produserte anna fiskehermetikk, som til dømes fiskekaker og fiskebollar, var det alltid kvinnene som stod for tillaginga av desse produkta.

Det arbeidet mennene utførte, kravde som oftast visse kvalifikasjonar. Forlakaren måtte vite korleis saltlaken skulle lagast, røykaren måtte vite korleis han skulle kunne halde jamn temperatur i røykeomnane og avgjera når brislingen var ferdig til å takast ut av omnen. I det heile kan ein seie at det var menn som hadde ansvaret for den delen av produk-

sjonen som hadde størst innverknad på kvaliteten til den ferdige vara. Dette skapte ei rangordning innan fabrikkane. Røykarane stod høgt. Rett temperatur og røyketid var heilt avgjerande for det ferdige produktet. Loddarane vart og høgt vurderte. Gjenloddning av boksane var fagarbeid som måtte utførast i høgt tempo.

Skille mellom kjønna innan produksjonsprosesssen gjekk på tradisjonelle oppfatningar av «lett» og «tungt» arbeid. Dessutan er der ein klar tendens til at kvinnene stod for den delen av produksjonen som dei var vane med frå heimen, nemleg matlagning. Arbeidet i hermetikkfabrikkane høver såleis inn i det sysselsettingsmønsteret som dominerte den første industrialiseringsfasen her i landet. Kvinnene i arbeidslivet heldt fram med tradisjonelle arbeidsoppgåver knytta til heimen, som matlagning og framstilling av kle. Dei dominerte derfor i industriar som dreiv produksjon av matvarer og tekstilar. Arbeidsoperasjonane dei utførte var som oftast enkle og lette og kravde sjeldan spesielle kvalifikasjonar.

2. 2. *Lønn*.

Opplysningars om lønn i hermetikkindustrien finn vi i den offentlege statistikken frå 1895. Den inneheld tabellar for daglønn ved hermetikkfabrikkane i ymse norske byar.

Statistikken gir ikkje opplysningar om korleis desse lønnssatsane er sette opp. Truleg er det gått utifrå ei timelønn som er multiplisert med 10 timer, som vart rekna som ein normalarbeidsdag i indu-

Tabell A.

Lønn pr. dag i kroner for kvinner og menn ved hermetikkfabrikkane i nokre byar i 1895 og 1900.

	1985		1900	
	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
Stavanger	1,00	2,50	1,20	3,00
Moss	1,00	2,50	1,50	3,00
Mandal	1,40	2,50		
Hamar			1,90	2,80
Drammen			1,60	3,50
Haugesund			1,00	3,00
Aalesund			1,00	2,75
Kristiansund			1,00	2,00
Bodø			1,00	2,00

Kjelder: NOS Tredie Række Nr. 61 Tabel 2 s. 29.

NOS Fjerde Række Nr. 60 Tabel 2 s. 20.

strien på den tida. Men dei fleste hermetikkarbeidarane hadde ikkje ein slik normalarbeidsdag. Dei hadde svært uregelmessig arbeidstid, og daglønnene var derfor sterkt varierande. Akkordarbeid er heller ikkje nemnt her. Det kan likevel vere til nytte å rekne med ei slik stipulert dagslønn for å kunne samanlikne med andre yrke.

Som vi ser varierte lønna fra by til by. Arbeidarane i Stavanger ser ut til å ha tilhørt verken dei dårlegaste eller dei best betalte i hermetikkindustrien.

Utifrå desse tala kan vi slå fast at kvinnene hadde lavare lønn enn mennene. Det var vanleg i dei fleste industriar at kvinner hadde omlag halvparten av menn si lønn. Dette var eit fenomen som var godtatt langt inn i arbeidarane sine eigne rekker.¹²

Statistikken si opplysning om hermetikkloenn på kr. 1.20 pr. dag for kvinner i Stavanger i 1900 viser den høgaste satsen det var vanleg å betale for slikt arbeid. Det var mange som fekk 10 øre eller mindre pr. time.¹³ Satsen på 10-12 øre varte til 1908, då han ved tariff vart auka til 15-18 øre pr. time.¹⁴

Kvinnene vart også lønna etter akkord. Dette var særleg vanleg i brislingsesongen,¹⁵ då det var viktig å halde høgt tempo for å få unna råstoffet. Akkorden vart såleis brukt som eit middel til å få opp arbeidsinnsatsen. For treling av brisling på teiner vart det rundt 1900 betalt 6-7 øre pr. ramme, og for legging i esker vart det betalt 20 øre for 100 esker.¹⁶ Dagslønna låg då på kr. 1,00 - 1,30.¹⁷

Det kan vere interessant å samanlikne

Tabell B.

Daglønn i ulike yrke i Stavanger rundt 1900.

Yrke	1894	1895	1900	Merknad
Dagarbeidar		2,00	1,50	
Veveriarbeidar			1,05	
Hermetikkarbeidar		1,00	1,20	
Tenestejente	0,15-0,40			I tillegg kost og losji

Kjelder: Stavanger Aftenblad 21.4.1894.

NOS Tredie Rakk No. 61 Tabel 2 s. 19 og 29.

NOS Fjerde Rakk No. 60 Tabel 2 s. 15, 19 og 20.

Tabell C.

Årlønn i kvinneyrke i Stavanger i 1900.

Yrke	Årlønn	Merknad
Kokkepike (18)	120,-	I tillegg kost og losji
Sjukepleierske (19)	200,-	I tillegg kost og losji
Lærarinne (20)	400,-	1. mars – 30. nov.
Vaskepike (21)	133,-	
«Gangpiker» på sjukehuset (22)	120,-	

Kjelder: Stavanger Aftenblad div. datoar i 1900.

lønn i hermetikkindustrien med lønn i andre yrke. Offentleg statistikk opplyser kva dagarbeidrarar på eigen kost og veveriarbeidrarar tente i Stavanger rundt 1900. I andre kjelder kan vi finne opplysningar om andre yrke.

Kvinnene i hermetikkindustrien hadde bra daglønn i høve til andre lønnsarbeidande ufaglærte kvinner. Dersom dei hadde vore i arbeid heile året, ville lønna ha blitt rundt tre hundre kroner.²³ Dei måtte sjølve halde kost og losji. Det er urealistisk å rekne med at så mange

klarte å tene såpass på hermetikkarbeid, då dei sesongmessige sviningane avgjorde kor mange veker det var arbeid å få. Berre nokre få kvinner var sysselsette i fabrikkane heile året. Dersom det var godt med arbeid, lønte det seg betre å arbeide i hermetikkfabrikkane enn å vere vaskejente eller kokkejente. Mange med desse og andre yrke tok seg hermetikkarbeid når sesongen var på topp for å tene litt ekstra. Det ser vi av dei yrkesstitlane dei står oppførte med i folketelplingslistene.

Vi kan dermed trekke den konklusjonen at lønnene i hermetikkindustrien låg godt under lønn i yrke som kravde utdanning. Kvinnene kunne tene bra i periodar av året, men sidan dei fleste gjekk utan arbeid lange stunder, hadde dei nokså ustabil inntekt.

3. Talet på tilsette - sesongsvingingar.

Tilgangen på råstoff var bestemmande for fabrikkane sine behov for arbeidskraft. Når brislingen kom inn i fjordane, stod kvinner, menn, unge jenter og gutter klare på land til å ta hand om fangsten. Talet på tilsette svinga voldsomt etter til-


gangen på råvarer. Det er derfor vanskelig å gi absolute tal for kor mange som hadde slikt arbeid.

Antal kvinner i hermetikkindustrien i Stavanger i 1900 er undersøkt i ulike kjelder. For å vise sesongpreget i denne industrien, skal vi sjå nærmere på svingingane i arbeidsstokken ved Stavanger Preserving Co. gjennom heile dette året.

Offisiell statistikk opplyser at Stavanger amt i 1900 hadde 17 hermetikkanlegg med 1.080 tilsette, av dei 659 kvinner.²⁴ Desse tala er for lave. Magistrat Alexander Kielland hevda at byen i 1900 hadde 1.200 hermetikkarbeidarar (kvinner og menn), med fleire i brislingsesongen.²⁵

Fabrikktilsynet gjennomførte tellingar frå 1893 og framover. Tabell D viser kor

Fig. A Antal kvinner og menn ved Stavanger Preserving Co. 1900.



Kjelde: Lønnslister Stavanger Preserving Co., Arbeidsbøker for menn.

Tabell D.

Talet på tilsette kvinner i hermetikkindustrien i Stavanger under sesongane 1893–1900. Fordelt etter alder.

Tidspunkt	Antall fabr.	12–14 år	14–16 år	16–18 år	Vaksne	I alt
1893	6		6	20	104	130
1894	8	7	6	9	263	293
1895	9			48	285	333
1896	12	10	42	88	468	608
1897	13	5	46	47	425	539
1898	14		103	4	545	679
1899	14	19	13	195	812	1.053
1900	14	7	31	236	825	1.099

Kjelde: Fabrikktilsynet i Stavanger sin protokoll 1893–1900.

mange som kom med i desse tellingane under sesongane i perioden 1893–1900. Det var ikkje tellingar ved dei ymse fabrikkane samstundes. Tala i tabellen er komne fram ved at det høgaste talet frå kvar fabrikk er plukka ut.

Tabellen viser at i 1900 var det minst 1.100 kvinner som hadde hermetikkarbeid for kortare eller lenger tid i Stavanger. Det er lite truleg at fabrikkinspektøren fanga opp alle som var innom fabrikkane, for han hadde i gjennomsnitt 2 tellingar pr. år. Av tabellen kan vi og lese den sterke auken i talet på tilsette fram mot århundreskiftet. Dette talet vart mangedobla over sjuarsperioden 1893–1900.

I folketellinga i 1900 var det 752 kvinner i Stavanger og Hetland som vart ført som hermetikkarbeidarar. Fleire vart registrert som industiarbeidarar, men sidan

byen hadde andre verksemder der desse kunne ha vore tilsette, er dei ikkje tatt med her. Folketellingane kan såleis ikkje vise oss den totale mengda av kvinnelege hermetikkarbeidarar. Dei kan derimot fortelle kor mange som rekna hermetikkarbeid som hovudyrke.

I alt 113 verksemder står oppførte i fabrikktilsynsprotokollen i 1900. Dei fleste er industriverksemder. 37 av desse hadde kvinner i arbeidsstokken. I august/september var 1.320 kvinnelege arbeidstakrar registrerte i protokollen. Av desse var 1.098 hermetikkarbeidersker. Dei utgjorde då omlag 83% av kvinnene i industrien. Av dei 37 verksemndene var det 21 som ikkje var hermetikkfabrikkar. Desse hadde i alt 222 sysselsette kvinner. Det skulle gi omlag 10 kvinner i gjennomsnitt for kvar verksemde. 16 hermetikkfabrikkar står i protokollen. 2 av



Fig. 2. Kvinner og barn i arbeid med sortering og treding av fisk på teiner.
+ Statsarkivet i Stavanger

Women and children sorting and threading fish on wire rods.

desse har ingen tal innførte.²⁶ I gjennomsnitt gir dette 78 kvinner i kvar fabrikk. Det er klart at ikkje alle fabrikkane var like store. Chr. Bjelland & Co., C. Houge Thiis og Stavanger Preserving Co. dominerte. Blant dei andre verksemndene var det Stavanger linnvarefabrik, Strikkeforretning Ole Olsen & Co. og Stavanger Blikemballagefabrikk som hadde arbeidsstokk av kvinner på storleik med hermetikkfabrikkane.

Desse tala viser kor viktig hermetikkindustrien var for kvinners arbeid i Stavanger. Vi ser og at desse fabrikkane sys-

selsette fleire kvinner enn dei fleste andre verksemndene i byen.

Som døme på korleis antal tilsette kvinner varierte med sesongane i hermetikkindustrien, er arbeidsstokken ved Stavanger Preserving Co. undersøkt. Dei sesongmessige sviningane kjem klart fram i lønnslister og arbeidsbøker.

Stavanger Preserving Co. starta regulær produksjon av sardinar i olivenolje i 1879, som den første fabrikken i landet. Dette medførte stor etterspørsel etter brisling, som danna grunnlaget for det nye produktet. Fabrikken måtte utvide

kapasiteten sterkt for å nytte mest mogleg av denne råvara under dei korte brislingsesongane. Dette viser att i talet på kvinnelege arbeidstakarar. I 1885 hadde fabrikken rundt 30 kvinner i den jamne drifta. I august og halve september auka talet til 50-80 dei seks vekene sesongen var på topp. Så fall talet brått ned til 30 igjen. Denne tendensen viser seg også i 1890 og 1895, med noko høgare tal under toppsesongen. I 1895 var heile 189 kvinner sysselsette i midten av august. Rundt århundreskiftet bygde verksemda ny fabrikkbygning, og produksjonen vart

utvida til å gjelde fleire vareslag. Drifta vart jamnare gjennom heile året, men enno var det toppsesong når brislingen kom inn i fjordane. I 1900 hadde fabrikken 131 kvinner ei veke i juli og ei i august, medan talet i februar var nede i 30.

Bedrifta hadde fleire kvinner enn menn i arbeid. I 1900 var 40-50 menn tilsette stort sett heile året, med små svингingar i høve til sesongane. Dette heng saman med arbeidsdelinga i fabrikkane. Mennene sitt arbeid var ikkje så avhengig av råvaretilførselen. Dei hadde arbeid



Fig. 3. Treding av fisk på teiner.
+ Statsarkivet i Stavanger

Threading fish on wire rods.

som kunne gjerast heile året, t.d. i blikkenslagarverkstaden i tilknytning til framstilling av emballasje og i ulike vedlikehalds- og tilsynsoppgåver. Figur A viser kor mange kvinner og menn som fekk utbetaadt lønn ved bedrifta i 1900.

Det kan nemnast at som ein følge av dei tekniske omveltingane innan hermetikkindustrien (ca. 1903-1907) steig kvinneandelen radikalt i fabrikkane. Det var særleg dei mannsdominerte arbeidso- perasjonane som vart overflødige.

Kvinnene hadde såleis ein annan arbeidsrytme enn mennene. Dei var arbeidskraftreserven som kom inn i fabrikkane etter behov, mennene hadde meir stabilt arbeid gjennom heile året. Dette sesongpreget gjorde at visse trekk ved hermetikkvinnene skil dei noko frå kvinner i andre typar industri.

4. Dei kvinnelege hermetikk- arbeidarane i 1900.

I det følgande skal vi sjå nærmare på kva trekk som særmerkte kvinnene i hermetikkindustrien i Stavanger. Alder og sivilstand er undersøkt blant hermetikkvinnene for å finne særtrekk ved denne yrkesgruppa. Vidare er det tatt med opplysningar om forsørgarbyrde og sosial bakgrunn for å skildre deira sosiale status.

Dei fleste kvinnelege industriarbeidarane i Noreg på denne tida var unge og ugifte. Dei gifte kvinnene stod stort sett utanfor den offisielt registrerte arbeidsmarknaden. I 1900 var berre

6,1% av alle yrkesaktive kvinner gifte.²⁷ Ein reknar at i industrien utgjorde dei gifte omlag 7,5%.²⁸ Dette er trekk som vi finn også i andre land.²⁹

4. 1. Alder.

Magistrat Kielland skreiv slik om dei tilsette i industrien i Stavanger i 1902 «-en stor Mængde Mennesker af begge Kjøn og tildels i en Alder, hvor man før ikke var vant til at vente nogen Selvhjælp af Gutter og Piger.»³⁰

Dette sitatet tyder på at hermetikkindustrien hadde mange svært unge arbeidstakrarar. Også andre kjelder fortel om det same. Kielland sitt syn på arbeidstokken viser og korleis borgarskapet opplevde barndommen. Dei var ikkje vane med at barn skulle arbeide. Men barn frå arbeidsklassa hadde plikter så snart dei var gamle nok. Desse pliktene var ein del av oppsedinga og førebuing til eit vakse liv i arbeid. Det var her og tale om ein «ny» industri der tilhøva låg tilrette for barns deltaking i produksjonsprosessen, noko som ikkje hadde vore tilfelle tidlegare.

Tabell E viser aldersstrukturen blant kvinner i industrien i Noreg og i hermetikkindustrien i Stavanger i 1895 og 1900. Fabrikkinspektørane samla ikkje inn opplysningar om alderssamansetninga blant kvinner over 18 år. Tabellane D og E gir derimot eit godt bilet av dei heilt unge arbeiderskene. I 1895 ser vi at aldersfordelinga for hermetikkindustrien i Stavanger er nokså lik fordelinga i annan industri. Rundt 15% var under 18 år. I 1900 var dei to yngste gruppene likt

Tabell E.

Kvinner i industrien i Noreg og i hermetikkindustrien i Stavanger i 1895 og 1900. Fordelt etter alder.

Alder	Industrien i Noreg				Hermetikkindustrien i Stavanger			
	1895		1900		1895		1900	
	Antal	%	Antal	%	Antal	%	Antal	%
12–14 år	79	0,8	156	1			7	0,6
14–16 år			671	4,5			31	2,8
16–18 år	1456	14,8	1686	11,3	48	14,4	236	21,5
Vaksne	8303	84,4	12465	83,2	285	85,6	825	75,1
Sum	9838	100,0	14978	100,0	333	100,0	1099	100,0

*Kjelder: Betzy Kjelsberg, Kvinder i industrien i Norske Kvinder, Kristiania 1914 s. 471.
Fabrikktilsynet i Stavanger sin protokoll 1893-1900.*



Fig. 4. Menn gjer fisken klar til røyking.
+ Statsarkivet i Stavanger

Men preparing the fish for the smoking process.

representerte i dei to utvala, medan hermetikkindustrien i Stavanger hadde forholdsvis flere kvinner i gruppa 16-18 år og dermed færre i gruppa vaksne. Hermetikkvinnene i Stavanger var altså i gjennomsnitt noko yngre enn dei norske industriarbeidande kvinnene sett under eitt dette året, med 1/4 av dei tilsette under 18 år.

4. 2. Barnearbeid.

Vi veit frå andre kjelder at fabrikkinspektøren sine tal likevel ikkje gir heile biletet av sysselsettingsstrukturen i hermetikkindustrien. Ei stor og viktig arbeidstakargruppe, barn under 12 år, vart ikkje registrert. Hermetikkarbeidersker som minnest sin eigen barnedom, kan fortelle om barn som hjalp mødrane med akkorden.³¹ Andre fortel om veninner som fulgte bestefaren i fabrikken og arbeidde saman med han.³² Når fabrikkinspektøren kom, sprang barna og gøynde seg bort, men heldt fram med arbeidet så snart inspektøren var ute av fabrikken igjen. Mange barn laug på alderen når dei møtte inspektøren, noko som var vanskeleg å kontrollere.³³ Dette arbeidet vart ikkje registrert i lønnsprotokollane, for det var dei vaksne som fekk betalinga for det arbeidet barna utførte.

Slike former for barnearbeid var også vanleg i annan industri, til dømes i tobakksfabrikkane og ved sagbruk.³⁴ Konfirmasjonen sette vanlegvis punktum for barndommen og markerte inngangen til ei langt arbeidsliv. Dette var felles for

dei fleste barn frå arbeidarklassen. Få hadde økonomisk evne til å gi barna utdanning etter folkeskolen. I visse industrier, som til dømes hermetikkindustrien, vart barna med i arbeidet enno tidlegare, for det meste som hjelp for sine eigne foreldre.

Hermetikkfabrikkane låg tett opp til eller blanda inni boligmassa i byen. Det var enkelt å kome til og frå. Mor og far var her, kanskje også søster og bror. Fabrikkane var såleis ein naturleg del av det miljøet barn ferdast i til dagleg. Dette var ein «lett» industri samanlikna med td. tremasse- og jern- og metallindustri, og her var plass for gutter og jenter til å utføre eit utal av mindre arbeidsoppgåver. Dette var oppgåver som batt produksjonen saman.

Barnearbeid vart forbode ved lov i 1892,³⁵ men det var umogeleg å få slutt på det i Stavanger. Når sesongen var på topp, kunne det vere vanskeleg å få tak i nok arbeidsfolk, og barn vart då tatt inn i arbeidsstokken. Det vert fortalt at mange skulka skolen for å kunne ta seg arbeid.³⁶ Lærarane klaga over at dette arbeidet hindra borna frå å gjere lekser. Mange kom så trøtte på skolen etter lange og anstrengande arbeidsdagar at dei klarte ikkje å følge med i undervisninga.³⁷ Men sesongen varte berre få veker, og dei fleste rekna det ikkje for usunt eller anstrengande for barn å ha arbeid så kort tid.³⁸ Dessutan var barna sine inntekter viktige tilskot til trange familiebudsjett, så arbeidarar med barn ønskte sjølv at dette arbeidet skulle vere tillatt. Barna var såleis, saman med kvinnene, ein flick-

sibel arbeidskraftreserve i denne sesongprega industrien.

Vi kan dermed gå utifrå at ein stor del av arbeidsstokken ved hermetikkfabrikkane var yngre enn det dei offentlege tala viser. Det ser og ut til at hermetikkfabrikkane hadde yngre arbeidstakarar enn annan industri i Noreg. Men også annan industri hadde barnearbeid som ikkje vart registrert, så på dette området følger hermetikkindustrien mønsteret for sysselsetting som var typisk for ein del industrigreiner i Noreg.

4. 3. Alderen til hermetikkvinner og menn.

Hermetikkvinnene i folketellinga i 1900 er undersøkte for å finne alderen til dei som oppgav hermetikkarbeid som yrke. Tabell F viser aldersfordelinga inndelt i femårsgrupper.

Tabellen viser stor spreiing i alder. Den eldste var fødd i 1822 og var 78 år, den yngste var fødd i 1888 og var 12 år. Meir enn halvparten var under 25 år, nesten to tredelar var under 30 år. Aldersgruppa 15-19 år dominerte med

Tabell F.

Alder til kvinner og menn i hermetikkindustrien i Stavanger i 1900.

År	Kvinner Folketellinga		Kvinner Stavanger Pres.		Menn Stavanger Pres.	
	Antal	%	Antal	%	Antal	%
5– 9	–	–	4	1,5	–	–
10–14	21	2,8	67	25,0	3	7,1
15–19	227	30,2	64	23,9	11	26,2
20–24	161	21,4	39	14,5	9	21,4
25–29	74	9,8	21	7,8	8	19,0
30–34	43	5,7	13	4,9	1	2,4
35–39	41	5,5	11	4,1	1	2,4
40–44	50	6,6	5	1,9	3	7,1
45–49	39	5,2	10	3,7	2	4,8
50–54	29	3,9	13	4,9	2	4,8
55–59	25	3,3	8	3,0	2	4,8
60–64	20	2,7	6	2,2	–	–
65–69	11	1,5	4	1,5	–	–
70–74	7	0,9	3	1,1	–	–
75–79	4	0,5	–	–	–	–
I alt	752	100,0	268	100,0	42	100,0

Kjelder: Lønnslister Stavanger Preserving Co.

Folketellinga 1900.

30,2% av kvinnene. 135 kvinner (17,9%) var over 45 år.

Evy Helen Gaard har undersøkt tekstilarbeidersker i Kristiania i 1875 med folketelling som kjelde.³⁹ Samanliknar vi desse med hermetikkvinnene i 1900, finn vi at hermetikkindustrien hadde fleire yngre arbeidstakarar. Blant tekstilarbeiderskene var det aldersgruppa 20-24 år som dominerte. Samstundes hadde hermetikkarbeiderskene høgare gjennomsnittsalder (29,4 år mot 25,8 år). Dette kjem av at hermetikkindustrien hadde fleire eldre arbeidstakarar. Berre 5,1% av tekstilarbeiderskene i Kristiania i 1875 var over 45 år.

Også andre har vist at det var få eldre kvinner i industriarbeid i Noreg mot slutten av forrige århundre.⁴⁰ Vilkåra i fabrikkane var harde og tappa kvinnene for krefter. Arbeidet gjorde dei gamle og utslitne før tida. Det var derfor mest uråd å klare dette arbeidet for andre enn dei unge og sterke.

Her finn vi at hermetikkarbeid skil seg fra anna industriarbeid i Noreg. Rett nok var dette arbeidet hardt medan det stod på, med høgt tempo og lange arbeidsdagar, men sesongpreget gjorde at fleire kunne halde ut i fabrikkane for kortare periodar. Dette gjorde at så mange som 17,9% av kvinnene i folketellinga i 1900 var over 45 år gamle.

Vi skal sjå på aldersfordelinga blant kvinnene ved Stavanger Preserving Co. i 1900 for å finne om spreiinga her høver med dei tala som kom fram i folketellinga. Kvinnene sin alder vil og bli samanlikna med aldersfordelinga blant mennene. Av

dei 394 kvinnene som står i lønnslistene for fabrikken dette året, er det mogleg å fastsette alder for 268. Tabell F viser aldersfordelinga inndelt i femårsgrupper.

Den yngste arbeidstakaren var 8 år. 10 jenter var 10 år og yngre, 21 jenter var under 12 år. Heile 26,5% var under 15 år. Her finn vi att noko av det barnearbeidet som er diskutert tidlegare. Kor mange fleire i denne aldersgruppa som var med på arbeidet som ekstrahjelp for mødre eller andre familiemedlemar, seier lønnslistene ingen ting om. Det er interessant å sjå at fabrikken hadde så unge arbeidstakarar med i listene sine når ein veit at slikt arbeid var forbode.⁴¹ Lova sa klart ifrå om at fabrikkarbeid for barn under 12 år var forbode og hadde strenge reglar for arbeid for 12-14-åringar. Dette må bety at det var vanskeleg for kontrollinstansane å ha skikkeleg oversyn over hermetikkfabrikkane, eller at dei såg mellom fingrane på barnearbeidet og tillet det når behovet for arbeidskraft var stort. Kanskje var det slik at fabrikktilsynet forstod at det her ikkje var tale om utnytting av barn, men at dei gjekk inn som ein «naturleg» del i produksjonsprosessene.

Godt over halvparten av kvinnene var under 5 år, nær tre firedelar var under 30. Aldersgruppa 10-14 år var størst, med 25% av det samla antal tilsett. 44 kvinner (16,4%) var over 45 år.

Samanliknar vi desse tala med resultatet blant kvinner som står oppførte med hermetikkarbeid som yrke i folketellinga, finn vi at denne bedrista hadde yngre arbeidstakarar enn folketellinga



Fig. 5. Sortering og pakking.
+ Stavanger Museum

Packing and sorting the tins.

viste. Stavanger Preserving hadde ein gjennomsnittsalder på tilsette kvinner i 1900 på 25,4 år, medan gjennomsnittsalder i folketellinga var 29,4 år. Samstundes viser undersøkingane at hermetikkindustrien hadde mange eldre arbeidstakrar, fleire enn det som var vanleg i annan industri.

Som vi ser, mangla dei yngste jentene i folketellingslistene. Ingen jenter under 12 år vart oppførte med yrke. Dei vart rekna som elevar. Først etter endt skolegang omtala dei seg sjølve som hermetikkarbeidarar. Den store gruppa barn som utførte slikt arbeid er derfor underrepresentert i folketellinga.

Alder kan fastsettast for 42 menn ved bedrifa dette året. Aldersfordelinga er vist i tabell F.

Hovudgruppa blant mennene var noko eldre enn kvinnene. Gjennomsnittsalderen var 27,5 år. Halvparten var under 25 år, men berre ein liten del var under 15 år. 14,3% var over 45 år.

Blant mennene var det få registrerte arbeidstakrarar i dei yngste årsklassane. Dette har å gjere med skilnaden i den type arbeid menn og kvinner utførte. Mennene sine arbeidsoperasjonar kravde ofte fysisk styrke og også visse kvalifikasjonar, og det tok tid å skaffe seg erfaring i arbeidet. Dei hadde mer stabilt arbeid

enn kvinnene. Rett nok kunne dei og oppleve periodar utan arbeid og utan lønn, men dei var meir knytta til ein einskild fabrikk og hadde faste arbeidsoppdrag der. Det var ikkje vanleg at dei hadde andre plikter, td. i heimen, ved sidan av hermetikkarbeidet. Deira plikt var å tene nok pengar til å halde liv i ein familie. Rett nok var det ein del skolegutar som møtte opp for å hjelpe andre med akkorden, men desse vart ikkje registrerte som eigne lønnstakrar i protokollane. Kvinnene utførte det arbeidet som kravde minst kvalifikasjonar. Dei gifte kvinnene hadde og oftast andre oppgåver som skulle skjøttast og tok derfor hermetikkarbeid i korte periodar for å hjelpe på ein trang økonomi. Samstundes må det understrekast at sjølve industrien med sitt sterke sesongpreg låg svært godt tilrette for ein slik kombinasjon mellom arbeid i heimen og på fabrikken.

Det er ein klar samanheng mellom aldersstrukturen blant dei tilsette i hermetikkfabrikkane og samansettinga av innbyggjarane i Stavanger. Hermetikkfabrikkane hadde unge arbeidstakrarar, og byen hadde unge innbyggjarar. Ein straum av innflyttarar hadde kome og kom til byen, og dei fleste av desse var unge menneske som gifta seg og fekk barn. Foleltalet auka frå rundt 16.000 i 1865 til 30.000 i 1900.⁴² 63,1% av innbyggjarane var under 30 år.⁴³ Byen hadde dermed mange unge foreldre og mykje ungdom, og arbeidskraftpotensialet var stort.

Byen hadde over 3.500 fleire kvinner enn menn. Godt over halvparten av kvin-

nene var under 30 år, og ein tredel var i aldersgruppa 15-30 år. Tabell G viser prosentvis aldersfordeling blant kvinner over 15 år i hermetikkindustrien og i Stavanger by. Byen hadde stor tilgang på ung arbeidskraft, og fabrikkane kunne fyllast av unge arbeidstakrarar. Kvinneoverskotet gjorde at mange kvinner aldri gifta seg, og dei hadde derfor inntektsgivande arbeid det meste av livet sitt.

Tabell G.

Aldersfordeling blant kvinner i Stavanger og i hermetikkindustrien i Stavanger i 1900. Rekna i %.

Alder	Hermetikk-industrien	Stavanger by
15-29 år	63,2	44,5
30-44 år	18,3	25,1
45-59 år	12,7	17,4
Over 60 år	5,8	13,0

Kjelder: Folketellinga for Stavanger og Hetland i 1900.

NOS Række N no. 73 Tabel 3.

Aldersstrukturen blant kvinnene i hermetikkindustrien viser tydeleg at dette var eit gjennomgangssyke. Som i dei fleste andre industriar tok dei fleste slikt arbeid medan dei venta på å bli gift. Men hermetikkindustrien viser større spreiing i alder enn annan industri og har ein del nokså gamle kvinner. Vi skal sjå at dei særtrekka ved denne industrien som gjorde slik stor spreiing mogleg, også viser att i sivilstanden til desse kvinnene.

4. 4. Sivilstand.

Sivilstand for kvinner i yrkeslivet var først og fremst bestemt av alder. Når kvinner nådde ei viss aldersgruppe, var det vanleg å gifte seg og trekke seg tilbake til heimen. Kvinnene i industrien var unge arbeidstakrarar. Det er derfor naturleg at dei fleste av desse var ugifte. Undersøkingar har vist at dei gifte kvinnene utgjorde berre 6,1% av dei yrkesaktive kvinnene i Noreg i 1900.⁴⁴

Finn ein dette mønsteret og i hermetikkindustrien? Sivilstand er undersøkt for hermetikkvinnene i folketellinga i 1900, for dei tilsette kvinnene ved Stavanger Preserving Co. i 1900, for kvinner ved denne bedrifta under sesongtopp (28. 7. 1900) og ved lavsesong (16. 2. 1900)

Av dei 394 kvinnene ved bedrifta dette året kan sivilstand fastsettast for 285 av dei tilsette. Av dei 109 andre manglar 80 i folketellingslistene i Stavanger og Hetland. Ein stor del av desse var tilreisande i sesongane og var truleg ugifte som ikkje hadde menn og barn å ta seg av på heimstaden. Dei andre 29 gir ikkje folketellingslistene fullstendige opplysningar om, eller der er fleire med same namn utan at hermetikkyrkjet er oppgitt.

Det er funne sivilstand for dei kvinnene som hørde heime i Stavanger og Hetland, det vil seie som var registrerte i folketellinga, altså eit minimumstal. Prosentandelen av gifte er då høgare enn dei reelle tala. Derfor er det og sett opp ei prosentfordeling der dei 80 tilreisande er rekna som ugifte, eit maksimumstal. Resultatet av undersøkinga er samanfatta i tabell H og I.

Sivilstanden blant dei 752 registrerte hermetikkvinnene i folketellinga viser tydeleg korleis kvinnene vurderte sin arbeidsituasjon når dei gav opplysningar til dei som førte listene. Dei ugifte er i stort fleirfald med nær 80%. Berre 37 gifte kvinner har rekna utearbeit som viktigaste kjelde til livsopphald. Dette må vere eit absolutt minimumstal, for Stavanger Preserving Co., som var ein av 14 fabrikkar i drift dette året, hadde aleine 56 gifte kvinner i sine lønnslister. Dei gifte har tydelegvis lagt mest vekt på arbeidet i heimen og står som husmødre i folketellinga.

Enkene derimot har oppgitt å ha eit yrke, sjølv om dei kanskje har hatt mindre arbeid i fabrikkane enn dei gifte. Dei utgjer derfor ein mykje større del

Tabell H.

Sivilstand for kvinner frå Stavanger tilsette ved Stavanger Preserving Co. i 1900.

Sivilstand	Sesongtopp 28.7		Sesongbotn 16.2.	
	Antal	%	Antal	%
Ugifte	71	74,0	18	72,0
Gifte	18	18,7	3	12,0
Enker	6	6,3	4	16,0
Skilde	1	1,0	0	0,0
I alt	96	100,0	25	100,0

*Kjelder: Lønnslister Stavanger Preserving Co.
Folketellinga 1900.*

Tabell I.

Sivilstand blant kvinner i hermetikkindustrien i Stavanger i 1900.

Sivilstand			Stavanger Preserving alle tilsette			
	Folketellinga		Maksimum		Minimum	
	Antal	%	Antal	%	Antal	%
Ugifte	590	78,5	286	78,4	206	72,3
Gifte	37	4,9	56	15,3	56	19,6
Enker	121	16,1	22	6,0	22	7,7
Skilde	3	0,4	1	0,3	1	0,4
Separerte	1	0,1	0	0,0	0	0,0
I alt	752	100,0	365	100,0	285	100,0

Kjelder: Folketellinga 1900.

Lønnslister Stavanger Preserving Co.



Fig. 6. Reingjering av sardineskene.

+ Statsarkivet i Stavanger

Cleaning the tins.

(16,1%). Dette har med synet på forsørgarrolla å gjere. I ein familie var det mannen som var hovudforsørgar og hadde ansvar for å få inn nok pengar. Det kona kunne tene i tillegg, var vanlegvis eit supplement til mannen si inntekt. Nå mannen fall bort, kom dette hovudansvaret over på enka. Ho har derfor ført opp yrket sitt i folketellinga.

Av tabellen ser vi at sivilstanden blant registrerte hermetikkvinner i folketellinga skil seg mykje frå sivilstanden i ei av bedriftene. Dette viser at ein må utføre lokalstudiar av bedrifter og deira lønnslister for å finne opplysningar om kvinner som utførte inntektsgivande arbeid.

Også ved Stavanger Preserving var det dei ugifte kvinnene som dominerte.

Deira andel låg på 70-80%. Den store skilnaden i høve til folketellinga finn vi i gruppa gifte. Heile 15,3% av arbeidstakarane var gifte. Blant dei som var heimehøyrande i Stavanger-området utgjorde dei 19,6%. Dette er svært høge tal når vi samanliknar med undersøkingar av kvinner i anna industriarbeid og med offentleg statistikk. Vi kan derfor slå fast at hermetikkindustrien hadde mange fleire gifte arbeidstakrar enn det som var vanleg i industrien elles i Noreg.

Andelen gifte og enker varierte med behovet for arbeidskraft i fabrikkane. Enkene måtte skaffe seg kontinuerlege inntekter og var derfor i arbeid mest heile året. Husmødrene kom inn i sesongane når arbeidsmengda var særleg stor.

Det er klart at dei fleste av dei ugifte

Tabell J.

Alder i høve til sivilstand for hermetikkvinner registrerte i folketellinga i 1900.

År	Ugift		Gift		Enke, skild, separert	
	Antal	%	Antal	%	Antal	%
10–14	21	3,6	–	–	–	–
15–19	227	38,5	–	–	–	–
20–24	156	26,4	4	9,8	1	0,8
25–29	70	11,9	4	9,8	–	–
30–34	30	5,1	4	9,8	9	7,4
35–39	30	5,1	2	4,8	9	7,4
40–49	36	6,1	8	19,5	45	37,2
50–59	13	2,2	12	29,2	29	24,0
60–69	5	0,8	4	9,8	22	18,2
70–79	2	0,3	3	7,3	6	5,0
I alt	590	100,0	41	100,0	121	100,0

Kjelde: Folketellinga 1900.

hermetikkarbeiderskene hørde til blant dei unge arbeidstakarane. I følge folketellinga hadde denne industrien ingen gifte under 20 år. Tabell J viser korleis sivilstanden fordeler seg på dei ymse aldersgruppene.

68,5% av dei ugifte var under 25 år, men også dei høgare aldersgruppene hadde forholdsvis mange ugifte. Byen hadde såleis mange kvinner i gifteferdig alder som levde av eiga inntekt. Ingen enker var under 30 år, dei fleste var over 40. Dei gifte spreidde seg over dei fleste aldersgruppene over 20 år.

Tabell K viser giftarmålsfrekvensen blant kvinner i Stavanger by og blant kvinner som var registrerte som hermetikkarbeidarar i folketellinga i 1900. Av kvinnene i aldersgruppa 15-29 år i Stavanger var det berre ein firedel som var gifte eller før gifte. I hermetikkindustrien var det berre 2% gifte som var registrerte i folketellinga. Byen hadde svært mange

Tabell K.

Giftarmålsfrekvens blant kvinner i Stavanger by og i hermetikkindustrien i Stavanger i 1900.

Alder	Stavanger %	Hermetikk- industrien %
15-29 år	24,1	2,0
30-44 år	70,6	35,8
45-60 år	85,0	75,3
Over 60 år	86,9	83,3

Kjelder: Folketellinga 1900.

NOS Række IV nr. 73 Tabel 3.

enker som arbeidde i hermetikkindustrien. Derfor finn vi høg giftarmålsfrekvens blant dei eldre hermetikkvinnene. Dei fleste gifte i desse gruppene var enker.

Ifølge folketellinga ser det ut til at hermetikkindustrien hadde få gifte og enker i ein alder då det ville vere naturleg å ha små barn. Vi vil sjå om dette stemmer ved å undersøke forsørgarbyrde blant hermetikkvinnene. Det er og samla opplysningar om kva former for barnetilsyn som var tilgjengelege rundt århundreskiftet for kvinner som måtte arbeide utanfor heimen.

4.5. Forsørgarbyrde

«Ingen norsk by finnes at have så mange barn som Stavanger. Omkring i alle gader formelig vrimler det af dem».⁴⁵

Det vart diskutert som eit problem i avisene at byen hadde svært mange barn som gjekk rundt i gatene utan å bli tatt skikkeleg hand om. Og mange meinte at grunnen til barnas gateliv var denne: «– den vesentligste grunn må naturligvis søkes i mødrenes fabrikkarbeid.»⁴⁶ Mens mora var på fabrikken, var der ingen til å passe på dei halvstore barna, for faren, dersom han levde, var naturlegvis også på arbeid. Og når mora kom heim, hadde ho heile huset å stelle og måtte lage mat. Det var derfor naturleg at ho ikkje hadde krefter til å halde barna inne framover kvelden, og ho ville heller ikkje makte å få arbeidet gjort med barna rundt seg.⁴⁷

Det vart såleis hevda at barna vart vanskjøtta fordi mora måtte ut i arbeid.

Utifrå dette må vi tru at det var mange småbarnsmødre som arbeidde ved hermetikkfabrikkane. Vi veit frå annan industri at det var fleire som hadde småbarn som var avhengige av barnepass eller måtte passe seg sjølve heime. Mødrene såg då til dei i pausane.⁴⁸ Truleg var fleire hermetikkvinner og i same situasjon.

Som tidligare vist er det vanskeleg å finne hermetikkvinnene i skriftleg materiale. Det er og vanskeleg å finne barna deira. Dei vi her har funne data om, er barna til dei registrerte hermetikkvinnene i folketellinga i 1900 og barna til dei fleste gifte, skilde og enkene i arbeidsstokken til Stavanger Preserving Co. i 1900.

Fabrikklovene av 1892 rekna personar under 14 år som barn, og denne grensa for barnealder er og nytta her.

Av 752 hermetikkvinner i folketellinga var det 75 som oppgav å ha barn. Dei

hadde i alt 121 barn under 14 år. 16 gifte mødre hadde 28 barn, 8 ugifte mødre hadde 8 barn, 50 enker hadde 84 barn og 1 skild hadde 1 barn. Det var flest barn pr. gift kvinne (1,75) og pr. enke (1,68). Tabell L gir ei oversikt over alderen til barna og kva grupper mødre som hadde barn på dei ymse alderstrinna.

Vi ser at ein stor del av barna var 10 år eller over. 72 barn var så gamle (59,5%), berre 29 barn var 6 år eller under. Det var derfor ikkje så mange av desse kvinnene som måtte ha tilsyn til barna medan dei sjølve var på fabrikken. Det var enkene og dei ugifte som hadde dei yngste barna. Dei fleste av desse bodde saman med mødre og slektingar. Det er sannsynleg at desse slektingane såg etter småbarna i arbeidstida.

Dei fleste barna til enkene var 10 år eller meir. Dei var gamle nok til å ta sin del av husarbeidet, og mange av dei var nok også i fabrikkane for å hjelpe mora med akkorden. Fordi tilhøva låg tilrette for det i heimen, var det ei stor gruppe

Tabell L.

Antal barn blant hermetikkvinnene i 1900 i høve til mødrene sin sivilstand.

Sivilstand	Antal mødre	Antal barn etter alder		
		0–6 år	7–9 år	10–14 år
Ugifte	8	4	2	2
Gifte	16	7	6	15
Enker/skilde	51	18	11	56
I alt	75	29	19	73

Kjelde: Folketellinga 1900.

enker som tok hermetikkarbeid og rekna dette som viktigaste kjelde til livsopp-hald. Derfor utgjer dei ein så stor del av dei registrerte kvinnene i folketellinga.

Det er tydeleg at det å ha småbarn var eit hinder for fabrikkarbeid. I alle fall var det få småbarnsmødre som hadde arbeid så regelmessig at dei rekna det som hovudverksemد og dermed oppgav det ved folketellinga. Derimot var det fleire som hadde litt større barn, og blant desse finn vi mange av dei avisene skreiv om som rak rundt i gatene medan mora var på arbeid.

For å sjå om det verkeleg var slik at hermetikkvinnene ikkje hadde små barn, er familietilhøva for dei gifte, skilde og enkene ved Stavanger Preserving Co. undersøkte.⁴⁹ Antal barn på dei ymse alderstrinna er vist i tabell M.

Vi har tidlegare funne at folketellinga hadde ein underrepresentasjon av gifte kvinner i høve til arbeidsstokken ved denne verksemda. Vi kan derfor vente å finne fleire barn blant kvinnene her.

Alder til barna skil seg og noko frå dei aldersgruppene vi fann i folketellinga.

30 av i alt 56 gifte kvinner hadde barn under 14 år. Til saman hadde dei 70 barn, dvs. eit gjennomsnitt på 2,3 barn pr. kvinne. 7 av 22 enker hadde 10 barn, eit gjennomsnitt på 1,4. Dei gifte kvinnene hadde altså fleire barn kvar enn dei hermetikkvinnene vi fann i folketellinga.

Barna sin alder viser større spreiing utover alle aldersgruppene. 30 barn var 10 år eller over (37%), 27 barn var 4 år eller yngre (33,3%).

Det var såleis fleire kvinner med småbarn i hermetikkarbeid enn det folketellinga viser. Mange kvinner måtte skaffe barnepass for kortare eller lengre periodar av året, og ymse former for barnetilsyn vart nytta.

4.6. Barnetilsyn.

Det er umogleg å gi noko tal for kor mange barn i byen som trengde tilsyn og stell når mødrene var i hermetikkfabrikkane. 40 barn under 7 år hadde mødre

Tabell M.

Antal barn blant gifte, enker og skilde mødre ved Stavanger Preserving Co.

Sivilstand	Antal mødre	Antal barn etter alder		
		0–6 år	7–9 år	10–14 år
Gifte	30	35	11	24
Enker/skilde	8	5	0	6
I alt	38	40	11	30

*Kjelde: Lønnslister Stavanger Preserving Co.
Folketellinga 1900.*

i arbeid ved Stavanger Preserving, og ein må kunne anta at dei andre 13 fabrikkane og hadde småbarnsmødre tilsette.

Ved å studere dei andre medlemane i hushaldet til desse mødrene i folketellinga, syner det seg at i mange heimar var der andre vaksne kvinner eller store barn som kunne ta seg av småbarn om dagen. Fleire bodde saman med mødre, svigermødre, bestemødre eller andre slektningar. Andre losjerte i hus der ei vaksen kvinne var heimeverande. Det er også funne hermetikkvinner som hadde tenestejenter i huset. Det var såleis mange

småbarnsmødre som kunne gå i arbeid fordi dei hadde høve til barnepass heime.

Andre barn vart sette bort til slektninger fordi mødrene måtte tene pengar. Inger Johanne Thoresen (f. 1892) var ei av desse.⁵⁰ Ho fortel at mor hennar vart tidleg enke. Ho hadde då eit barn på ni månader og fekk like etterpå eit barn til. Desse to barna bodde hos besteforeldra på ein gard på Stokka, fordi mora måtte gå i fabrikkarbeid i byen. Ho gifta seg igjen seinare, og barna flytta til henne i byen då dei kom i skolealder.

Ikkje alle hadde privat barnepass.




Fig. 7. Pakking av sardineskene i trekasser.
+ Stavanger Museum

Packing the tins in wooden boxes.

Tønnes Sirevåg har fortalt at då mora hans byrja på hermetikksfabrikk i 1913, var han og søstra i St. Johannes Menighets Asyl om dagen.⁵¹ Byen hadde fleire slike asyl rundt 1900. Det første, St. Petri Asyl, kom i gang i 1839.⁵² Seinare kom Domkirkenes Asyl i 1870.⁵³, og St. Johannes Asyl i 1885.⁵⁴ Formålet med asyla var «at ta seg av barn under den skolepligtsige alder, fra 3 - 7 år, hvis mødre er optat med utendørs arbeide for at tjene til familiens underhold.»⁵⁵ Tanken var såleis å ta seg av barn som ellers under sildesjau og anna arbeid som mødrene måtte ta utanfor heimen, ofte vart overlatt til seg sjølve eller til gatelivet.⁵⁶ Form målet viser tydeleg at asyla, og seinare barnekrybbene, var oppretta for arbeidarklassebarn. Rundt århundreskiftet var hermetikkindustrien den dominante arbeidsplassen for kvinner i Stavanger. Det var derfor mange hermetikkvinne som nytta desse institusjonane til barnepass.

Men barneasyla var ikkje gratis. Det er klart at prisen som måtte betalast, 5-10 øre pr. barn pr. dag,⁵⁷ gjorde at mange kvinner ikkje hadde råd til å nytte dette tilbodet.

Det var fleire som måtte gå i arbeid utan å ha tilsyn til barna sine. Dei minste i barneflokken måtte då stengast inne heime, eller dei vart overlatte til seg sjølve på gata. I romanen «Krus ikke en elendig i porten» av Karsten Roedder kan vi lese om korleis dagen arta seg for ein smågut som var heime aleine.⁵⁸ Han gjekk og venta på mora i gata og inne i huset om dagen, og dersom mora skulle

ut også om kvelden, vart han låst inne slik som andre ungar i nabolaget.

Slike barn måtte mora heim og sjå til i løpet av dagen. Fleire småbarnsmødre bodde i så kort avstand frå fabrikken at dei kunne rekke heim i pausane og kanskje koke middag, gjere innkjøp eller utføre andre plikter.

4.7. Anna forsørgarbyrde

Arbeidarklassekvinner hadde ofte forsør-garplikter for andre familiemedlemmar enn sine eigne barn. Slik også med hermetikkvinnene. Mange hadde søskan og foreldre som måtte ha pengehjelp.⁵⁹ Fleire var heimeboande døtre som måtte hjelpe til med familieøkonomien, andre bodde i byen under sesongane for å kunne koma heim til familien med pengar.

Mange bodde heime hos mødre som var enker. Ifølgje folketellinga var over fjerdeparten av mødrene til heimeboande døtre enker (86 mødre). 20 av desse har opplyst i folketellingslistene at dei levde av det barna tente. Truleg var det enno fleire mødre som stelte heime for barna sine medan dei var på arbeid, utan at dette kjem fram i tellingslistene. Det ser ut til å ha vore vanleg at mødrene styrte huset når barna vart gamle nok til å tene pengar.

Elise Tønnesen har fortalt at ho gjerne ville ha vidareutdanning, og ho byrja derfor i framhaldsskole. Men ho måtte slutte etter to månader, for ho hadde seks brødre som var yngre enn henne, og mora sleit tungt. Elise byrja derfor på hermetikksfabrikk, og så hjalp ho mora

heime når det ikkje var hermetikkarbeid å få.

Inger Johanne Thoresen kunne heller ikkje gå vidare på skole, for det hadde ikkje mor hennar råd til. Ho måtte derfor ut i arbeid. Etter ei kort tid som barnejente byrja ho i hermetikkfabrikk, for det gav betre betaling. Ho passa på når det var billeg mat å få i byen, for mora vart så glad når ho kom heim med fisk og brød. Heile familien hadde såleis ansvar for å skaffe pengar og mat til huset.

Vi kan hevde at dei fleste som tok hermetikkarbeid hadde eit forsørgarsvar, anten for eigne barn eller for medlemmar i den familien dei var ein del av. Arbeidet i hermetikkindustrien i vår periode gav eit så viktig tilskot til familieøkonomien at både småbarnsmødre, enker og andre med barn ordna seg slik at dei kunne gå i fabrikken når brislingen kom.

4.8. Sosial bagrunn

Industrien i Noreg rundt 1900 rekrutterte sine fleste arbeidstakrar blant folkegrupper med trange økonomiske kår. Arbeidarane sine barn vart med få unntak sjølv arbeidrarar. Svært få arbeidrarar hadde økonomisk evne til å koste utdanning på barna etter folkeskolen. Dei få som fekk slik utdanning var til vanleg gutar, for jentene ville ikkje ha bruk for slik kunnskap i ekteskapet. Jentene frå arbeidarklasse gjekk inn i yrke som ikkje kravde særskilte kvalifikasjonar på førehand. Vi skal sjå at også hermetikkindustrien gav arbeid til mange med slik bakgrunn.

Sosial bakgrunn for hermetikkvinnene er fastsett ved yrke til far, einsleg mor eller ektemann. Det har berre vore mogleg å finne fedrene/mødrerne sine yrke for dei heimeboande døtrene. Desse utgjer 44 % (332 kvinner) av hermetikkarbeiderskene i folketellinga i 1900.

Det er funne opplysningar om 193 fedre og 86 mødre. Tabell N gir ei detaljert oversikt over yrka deira.

Blant fedrene er det yrke innan hovudgruppa industri og handverk som dominerer. Heile 66,3 % hører til her. Få av fedrene kan seiast å kome frå andre klassar enn arbeidarklasse. Blant mødrerne er dei med husleg arbeid i stort fleirtal, men vi ser og at fleire var tilsette ved hermetikkfabrikkar. Også dei fleste mødrerne må kunne seiast å tilhøre arbeidarklasse.

Det er funne opplysningar om 26 ektemenn. Av desse var 2 «syge», 3 var «sindssyge» og 2 var i Amerika. Dei 19 andre fordeler seg på yrke som vist i tabell N.

Også her er det gruppa industri og handverk som er størst med 68,5 %. Vi kan dermed slå fast at dei fleste fedre, mødre og ektemenn hørde til arbeidarklasse. Vi finn og kvinner som kom frå familiar med andre yrke, men dei har det sams trekket at dei hørde til blant dei lavare sosiale laga i samfunnet.

Dei 86 mødrerne var enker, 13 av fedrene var enkemenn. Vi ser såleis at i hermetikkindustrien, som i annan industri, var det vanleg at unge jenter måtte gå i arbeid så snart dei var gamle nok fordi familien ikkje hadde ein mann som

Tabell N.

Fedre, mødre og ektemenn sine yrke i folketellinga 1900.

YRKE	FEDRE	MØDRE	EKTEMENN	I ALT
<i>Jordbruk</i>	1	-	1	2
<i>Fiskeri</i>	5	-	1	6
<i>Industri, handverk</i>				169
Arbeid ved dokk	4	-	1	
gartneri	2	-	-	
hermetikk	7	19	1	
kjemisk fabr.	4	-	-	
støyperi	14	-	1	
sjøhus	7	-	-	
treskobotnfabr.	1	-	-	
verkstad	1	-	-	
Bakar	3	-	1	
Blikkenslagar	3	-	-	
Bøkkar	3	-	1	
Feiar	1	-	-	
Kaiarbeidar	8	-	-	
Korgmakar	-	-	1	
Malar	5	-	-	
Murar	2	-	1	
Repslagar	2	-	-	
Rørleggar	1	-	-	
Seglmakar	1	-	1	
Sildearbeid	-	2	-	
Skomakar	12	-	1	
Skreddar	1	-	-	
Slaktar	3	-	-	
Snekkar	6	-	-	
Steinarbeidar	24	-	2	
Strykerske	-	2	-	
Syerske	-	2	-	
Typograf	1	-	-	
Tømmermann	12	-	2	
Veverske	-	3	-	
<i>Handel, omsegn., samferdsel</i>				19
Handlande	9	2	-	
Køyrar	4	-	1	
Logi	-	3	-	
<i>Husleg arbeid</i>				41
Husmor	-	32	-	
Vaskekone	-	9	-	
<i>Sjøfart</i>				15
Båtsmann	1	-	-	
Sjømann	6	-	-	
Skipper	1	-	1	
Stuert	1	-	1	
Styrmann	3	-	-	
Til sjøs	-	-	1	
<i>Off. arbeid, imm. verksemnd</i>				7
Fabrikkeigar	1	-	-	
Kontorarbeid	4	-	-	
Politibetent	1	-	-	
Tårnvektar	1	-	-	
<i>Lausarbeid</i>	23			23
<i>Fattigunderst.</i>	4	11	-	15
<i>Formue</i>	-	1	-	1
I alt	193	86	19	298

hovudforsøgar. Mora kunne trekke seg tilbake frå arbeidslivet når barna vart i stand til å skaffe inntekter til heimen. I dei familiene der mor mangla, er det sannsynleg at dei unge jentene tok seg av husstelllet medan far gjekk på arbeid. Under sesongane kunne jentene kome inn i fabrikkane i kortare periodar for å spe på familieinntekta med ein ekstra slant.

Utifrå denne undersøkinga kan vi hevde at i hermetikkindustrien, som i dei andre kvinneindustriane, var det kvinner frå dei lavare sosiale laga som tok arbeid. Det var ikkje vanleg at mellom – eller overklassejentene arbeidde side om side med arbeidarklassejenter.

5. Oppsummering

Formålet med denne artikkelen har vore å vise kven hermetikkvinnene i 1900 var med omsyn til alder, sivilstand, forsørgarbyrde og sosial bakgrunn. Dei viser mange felles trekk med kvinner i anna industriarbeid i Noreg.

Industriarbeidarkvinnene kom frå dei lavare sosiale laga i samfunnet. Arbeidet dei utførte var monotont, lavt lønna og kravde ikkje særskilte kvalifikasjonar. Det store fleirtalet av kvinnene var unge og ugifte, og dei trekte seg tilbake frå det lønna arbeidet dersom dei fekk ein ektemann som var i stand til å brødfø ein familie. Den gifte kvinnen si viktigaste oppgåve var å vere hustru og mor. Derfor var det heller få småbarnsmødre fast tilsette i fabrikkane. Industriarbeid var hardt og krevjande, og det var få eldre kvinner som makta slitet.

Dei fleste hermetikkvinnene høver inn i dette mønsteret. Men denne industrien sin spesielle arbeidsrytme med travel sesong i korte periodar av året gav arbeid til fleire enn dei unge, ugifte og barnlause. Når råstoffet kom til fabrikkane i store mengder, måtte det bli tatt hand om medan det var ferskt. Dette førte til stort arbeidspress, særleg på dei operasjonane kvinnene utførte. Så mange hender som mogleg måtte settast inn i produksjonen. Fabrikkane tok derfor inn all tilgjengeleg arbeidskraft, også barn, småbarnsmødre og eldre kvinner. For desse arbeidstakagruppene passa det godt å arbeide i kortare periodar. Hermetikkindustrien viser derfor større spreiing i alder enn annan industri og hadde og fleire gifte kvinner.

Fordi sesongane var korte, rekna ikkje skolebarna og dei gifte kvinnene hermetikkarbeid som sitt hovudyrke. Det er såleis vanskeleg å finne att i skriftleg materiale alle dei som hadde hermetikkarbeid i Stavanger rundt århundreskiften.

NOTAR

1. Stavanger Aftenblad 23.4. 1896.
2. Tønnes Sirevåg, Kunnskap skal glede di sjel, Oslo 1979, s. 14.
3. Liv Emma Thorsen, *Arbeiderkvinnens levekår: Kort barndom – langt arbeidsliv*, i St. Hallvard, 1980/2, s. 85.
4. Evi Helen Gaard, *Kvinnelige fabrikkarbeidere i teknologien i Kristiania, Hovudsagsoppgåve i historie 1977*, Universitetet i Oslo, s. 61.
4. Bjørn S. Utne, *Fra håndverk til industri – norsk hermetikkproduksjon 1890-1910*, i Årbok 1984, Stavanger Museum, Stavanger 1985, s. 123.
5. Register utarbeidd av Kåre Skjeleland.
6. Olav Ljones, *Kvinners yrkesdeltaking i Norge*, i

- Samfunnsøkonomiske studier nr. 39, Oslo 1979, s. 15.
7. Privatarkiv nr. 107 på Statsarkivet i Stavanger.
 8. Liv Emma Thorsen, op.cit. s. 87.
 9. Bjørn S. Utne, op.cit. s. 119 ff.
 - Anders Haaland, *Tvangskartellisering av den norske hermetikkindustri i mellomkrigstiden, Hovudoppgåve i historie 1980*, Universitetet i Bergen, s. 1ff.
 - Trygve Solhaug, *Industrireising i en gammel sildeby*, i Stavanger på 1800-tallet, Stavanger 1975, s. 369 ff.
 10. A. Saxegaard, *Stavanger by's industrielle og tekniske utvikling*, Stavanger 1912, s. 11.
 11. E. Grønnestad, *Hermetikkindustrien i Stavanger. Litt av dens historie og utvikling*, i Stavanger. Utsigt over byens historie og næringsliv samt opplysninger om ottende store sangerfest m.m. Stavanger 1909, s. 84 f.
 12. Kirsten Flatøy, *Christiania Seildugsfabrik: Industribedrift med kvinner bak maskinene*, i St. Hallvard, 1980/2 s. 96.
 13. Intervju med Anna Gjøstein i 1ste Mai. Udatert utklipp i Stavanger Kvinnesaksforening sitt arkiv på Statsarkivet i Stavanger.
Lønnslister Stavanger Preserving Co.
 14. Stavanger 1814-1914, Stavanger 1914, s. 360.
 15. Reklame for Concord Canning Co. i Norske Kvinder, Kristiania 1914, s. 151.
 16. Sevald Simonsen, *Samlinger til østre bydels historie, Upublisert manuskript på Byarkivet i Stavanger*, s. 209.
 17. Ibid.
 18. Stavanger Aftenblad 29.10.1900.
 19. Stavanger Aftenblad 15. 1.1900
 20. Stavanger Aftenblad 14.12.1900.
 21. Stavanger Aftenblad 24. 7.1900.
 22. Ibid.
 23. Torgrim Titlestad, *Framvoksteren av arbeidarrørsla i Stavanger ca. 1880-1935*, Stavanger 1979, s. 8.
 24. Industristatistikk 1900.
 25. Amtmannens 5-årsmelding 1896-1900, s. 32.
 26. Rønnebergs herm. Fabrik og Norwegian Smoked Sardines Co.
 27. Olav Ljones, op.cit.
 28. Ibid.
 29. Louise A. Tilly, Joan W. Scott, *Women, Work & Family*, 1978, s. 124.
 30. Amtmannens 5-årsmelding 1896-1900, s. 76.
 31. Samtale med Dora Vikøren, f. 9.7.1902.
 32. Elise Tønnesen f. 1890, intervju utført av Hallgeir Kvinnesland 1981.
 33. Edvard Bull, *Arbeidervern gjennom 60 år*, Oslo 1953, s. 89.
 34. Edvard Bull, *Barnearbeid i norsk industri, i Retten til en fortid*, 1981, s. 134.
 35. Edvard Bull 1953, op.cit. s. 7.
 36. Dora Vikøren.
 37. 1ste Mai 4.11.1899.
 38. Edvard Bull 1953, op.cit. s. 89.
 39. Evy Helen Gaard, op.cit.
 40. Liv Emma Thorsen, op.cit.
 41. Edvard Bull 1953, op.cit. s. 58.
 42. Hans E. Næss, *Befolkningseksplosjonen*, i Stavanger på 1800-tallet, Stavanger 1975, s. 51.
 43. NOS Række IV nr. 73 Tabel 1 og 3.
 44. Sidsel Vogt Moum, *Kvinnfolkarbeid. Kvinners kår og status i Norge 1875-1910*, Universitetsforlaget 1981, s. 85.
 45. 1ste mai 23.6.1900.
 46. 1ste mai 16.12.1903. Henta frå S. Simonsen op.cit.
 47. Ibid.
 48. Evy Helen Gaard, op.cit.
 49. Undersøking blant dei ugifte er under arbeid.
 50. Inger Johanne Thoresen intervju av Turid Petersen 1981.
 51. Tønnes Sirevåg, *Kunnskap skal glede di sjel*, Oslo 1979, s. 16.
 52. St. Petri Menighetsråd. St. Petri Menighet gjennom 100 år 1861-1961, s. 86.
 53. Domkirken Menighetsraad, Domkirken Menighet 1910-1920, s. 35.
 54. St. Johannes Menighetsråd, St. Johannes Menighet Stavanger gjennom 75 år 1885-1960, s. 40.
 55. Domkirken Menighetsraad, op.cit. s. 37.
 56. St. Johannes Menighetsråd, op.cit. s. 40.
 57. Stavanger 1814-1914, op.cit. s. 141.
 58. Karsten Roedder, *Knus ikke en elendig i porten*, Oslo 1973.
 59. Stavanger Aftenblad 24.8.1904. Henta frå S. Simonsen op.cit.

Summary

This paper deals with the female workers employed in the canning industry in Stavanger round the turn of the century. The following questions are asked: Who were these women? What kind of work did they do? The paper tries to answer these questi-

ons by discussing special features like age, marital status, their number of children and social background. Also information about their work and wages is looked into.

These female workers were employed during the first stage of the canning industry, lasting from the early 1870ies till around 1900. During this phase the production could hardly be called industry, as most of the work performed was based on handicraft.

Important sources for this paper have been the census of the population in Stavanger and Hetland in 1900, and Stavanger Preserving Co.'s archives. When searching for information about female workers in the canning industry a major problem arises. These women are difficult to trace in written material. The censuses have until now been the most important sources when discussing women's work. But groups of women are not registered as workers. They are listed as housewives or pupils. It is therefore necessary to study local firms to acquire information about the working staff in this industry.

The main product in the canning industry from about 1880 was smoked sardines in oil. The fish had to go through a careful smoking, processing and packing procedure on its way to a perfect finished product. It was washed and prepared, threaded on wires, smoked and beheaded, placed in boxes and sealed out, sterilized and packed. In the canneries there existed a distinct division between women's work and men's work. The women's work was regarded as simple and easy: the men's work normally needed special qualifications. The women were responsible for threading the sardines on wire rods for the smoking process, packing and sorting sardines in tins, cleaning and labelling the tins and packing the tins into cases. This was easy work, suitable also for schoolchildren. Men were responsible for salting and smoking the fish, soldering the tins and the sterilization process. Thus it was the men who were responsible for the parts of the process which were most important for the quality of the finished product.

Women were paid half the men's wages. Around 1900 the pay was 10-12 øre an hour. There was also a piece-work system. For packing and sorting sardines in tins was paid 20 øre pr. 100 tins. Compared to other unqualified work the women in the canning industry were not poorly paid pr. day, but because work was available only during seasons, they didn't have an income all through the year.

The supplies of brisling decided when there was

work in the factories. Large quantities of fish were caught in the period June-September, and a large working force was required. Most canneries were idle in the slack seasons. It is therefore difficult to state the number of employees in this industry. It has been found that at least 1.100 women were employed during the busy season in 1900, including a large number of children. Only 752 of these women were registered as workers in the census this year.

Stavanger Preserving Co. started regular production of smoked sardines canned in oil in 1879, as the first factory in Norway. There was an abundant supply of brisling in the fjords and this increased the demand for labourers during the busy seasons. In 1885 this firm employed 30 women throughout the year, but had up to 80 in August. In 1900 131 women worked there in July and August.

This seasonal rythm had a strong impact on what groups of women came in as labourers in the canning industry. In most industries in Norway at the time most female workers were young and unmarried. After marriage they rarely remained full-time workers. Single women were best able to work, since they had few other claims on their time. Married women, on the other hand, must adjust paid employment with domestic activity. The families' need for wages decided their employment. Those who worked were most often wives of men in casual or low-paying jobs. The death of a husband left the wife solely responsible for maintaining the family. Sometimes there were children to assist her.

With few exceptions the female workers were recruited from the working classes. Most women in the canning industry fit into this pattern. The young and unmarried dominated. The factories also had a large number of schoolchildren, who came in to help relatives. But we find more married women and widows than in other industries. Many of those had small children. There was also a larger proportion of elderly women compared to other industries. For these groups it was convenient to work short periods at a time, and the canning industry with the sardine seasons provided employment possible to combine with schoolwork and domestic work.

Author's address: Gravarstunet 10.
N-4300, Sandnes.